



# Nordfjord Havn IKS

**Hamnerådsmøte 02/24 - 13. desember 2024.**

## **Referatsaker;**

Hamnedirektøren og styreleiar der gjennomgår den generelle virksomheten

Hamneregulativet 2025 (Vedlegg 1)  
Status drift pr. 3. kvartal (Vedlegg 2)  
Økonomiplanen 2025 – 2028 (Vedlegg 3)

## **Sak 3/24 Gjennomgang og godkjenning av driftsbudsjettet.**

### Saksbeskriving:

Driftsbudsjettet ble framlagt og godkjent av Hamnestyret d. 22.11.2024. Hamnedirektøren vart bedt om å framlegga budsjettet for gjennomgang og endeleg godkjenning i Hamnerådet. (Vedlegg 4)

### Innstilling:

Hamnedirektørens innstilling: Driftsbudsjettet for 2025 godkjennast som framlagt.

## **Sak 4/24 Førehandsgodkjenning av investeringsmidlar**

### Saksbeskriving:

Selskapsavtalen beskriv at hamnerådet skal godkjenne investeringane i Nordfjord Hamn. Det det ikkje er eit spesifisert størrelse på beløp som skal godkjennast i hamnerådet. På eit budsjettår kan det dukke opp moglegheiter som krev ei hurtig saksgang slik at resultatet for Hamna blir best mogeleg.

### Saksvurdering:

Sidan 2020 har Hamnerådet gjeve Hamnestyret fullmakt til å bruke 5 millionar av selskapets driftsmidlar. Dette har gjeve hamnestyret ei mogelegheit å avgjera mindre investeringar utan å innkalle hamnerådet. Dette har vore ei løysing som har fungert særst bra. Ber om at hamnerådet godkjenner ei ramme på 5 millionar som hamnestyret har til disposisjon i løpet av budsjettåret 2025. Administrasjonen må kunne framlegga ein oversikt på kva som er brukt i budsjettåret frå denne fullmakta om hamnerådet ber om det. Administrasjonen ber rådet vidareføre denne ordninga då den har vist seg effektiv for drifta.

### Innstilling:

Hamnedirektøren ber rådet vurdere og eventuelt godkjenne denne ordninga for budsjettåret 2025.

---

<b>Postadresse:</b>	<b>Besøksadresse:</b>	<b>Telefon:</b>	<b>Web:</b>	<b>Bankkonto:</b>	<b>Org. nr.:</b>
Nordfjord Havn IKS Postboks 104 6701 Måløy	Torgkaia <b>E-postadresse</b> post@nordfjordhavn.no	57 85 26 20	nordfjordhavn.no	3853 07 03492	884 276 012